

*Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.*

*Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte- og talerett i forumet.*



Pressemelding frå Forum Nye Bergensbanen, 19.06.14.

## JBV og SVV tilrår felles planlegging og utbygging av E16 og Ringeriksbanen.

**Ein viktig milepæl i arbeidet med Ringeriksbanen er nådd. Samferdselsdepartementet har no mottatt første delleveranse frå utgreiinga av Ringeriksbanen. SVV og JBV tilrår felles planlegging og bygging av Ringeriksbanen og E16 mellom Skaret og Hønefoss. SVV og JBV har her vist stor vilje og evne til samarbeid og Forum Nye Bergensbanen støttar heilt og fullt opp under konklusjonen om felles gjennomføring av desse prosjekta. Vi er derimot ikkje tilfreds med den planprosessen som er skissert.**

Fylkesvaraordførar Mona Hellesnes uttaler at «Det er svært gledeleg at vi no er enno eit steg nærmare realisering av Ringeriksbanen som første ledd i det store nasjonale prosjektet det er å løfte Bergensbanen opp som eit moderne og effektivt transportsystem mellom aust og vest». Ordførar i Ringerike kommune, Kjell Hansen, seier at «Vi registrerer med stor tilfredshet at SVV og JBV har jobbet godt sammen i dette arbeidet. Ringeriksbanen er avgjørende for at Ringeriksregionen skal nå sine mål om å bli det framtidige vekstcenteret nordvest for Oslo. Dette er et område med høy bokvalitet og med eit stort uutnyttet potensiale for utvikling. Jeg er derfor ikke tilfreds med at utredningen anbefaler en planprosess som kan ha forsinkende effekt på framdrift i forhold til opprinnelig tidsplan som er byggestart i 2018/19.»

Forumet registrerer det store potensialet for effektivisering og optimalisering som ligg i felles organisering mellom E16 og Ringeriksbanen. Dette betyr at det ligg godt til rette for at E16 og Ringeriksbanen kan bli eit banebrytande pilotprosjekt for ein prosjektmodell med felles utbygging av veg og jernbane. Dette er svært gledeleg, og bekreftar det vi har sagt tidlegare: Ringeriksbanen med E16 er ein ypparleg kandidat for alternativ utbyggingsstrategi, for reduserte utbyggingskostnader og meir effektiv prosjektgjennomføring. Dette kan bli ei suksesshistorie for landet, med ein ny måte å organisere og gjennomføre store nasjonale samferdselsprosjekt.

Jernbaneverket og Statens Vegvesen tilrår i sitt notat ein statleg planprosess, og med utarbeiding av felles kommunedelplan er byggestart anslått til 2022. Dei har imidlertid i notatet vist at det er mulig å få til ytterlegare effektivisering for å nå byggestart i 2020. Det er positivt at etatane her har klart å finne ein effektiviseringsmulighet i planprosessen. Men vi registrerer at ambisjonen om byggestart i 2018/19 ikkje er nådd, og vi er såleis ikkje nøgd med etatane sitt innspel her. Vi meiner at her er endå meir å gå på i effektivisering av planleggingstida. Alt ligg til rette for at dette prosjektet kan bli realiseringa av regjeringa sin ambisjon om ein kraftig effektivisering av planprosesser knytta til store samferdsleprosjekt i Noreg – la oss sjå det i praksis! Her burde vi kunne sjå større ambisjonar også frå etatane. Det vil sjølv sagt krevje vilje, og svært god styring, men det er fullt mulig!

No er det svært viktig at dei nødvendige politiske avklaringane for vidare framdrift i prosjektet kjem raskt, slik at målet om byggestart i 2018 kan realiserast.

### For ytterlegare kommentar, kontakt:

Mona Haugland Hellesnes, styreleiar  
Adelheid Nes, dagleg leiar

mob. 4139 0461  
mob. 4180 8992